

Sak 15-23 Betalingssatsar ved miljøstasjonane - korrigerering

Tilråding til vedtak:

Styret viser til betalingssatsar for miljøstasjonane, vedtekne i sak 45-2022. Styret fastset at minsteprisen for levering av restavfall til miljøstasjonen i Hovdebygda skal gjelde for mengdeintervallet 0-20 kg.

Saksutgreiing:

Styret handsama i sak 45-22 i november 2022 dei reviderte betalingssatsane for miljøstasjonane våre. Ein av satsane som vart endra, var minstesatsen ved levering av restavfall og trevirke til miljøstasjonen i Hovden. Satsen vart då endra frå kr 50 til kr 75,- inkl mva. Poenget med ein minstesats er at det skal dekke ein del av dei faste kostnadane VØR har med kvar enkelt leveranse, dvs kostnader som er uavhengige av volumet som blir levert av kvar einskild kunde. Slike faste kostnader gjeld td mannskap, datasystem og anleggsdrift. Sidan anlegget har avgrensa kapasitet, er det også ynskjeleg å stimulere kundane til å «samle opp» eller sam-levere med andre.

Satsen gjeld for mengdeintervallet 0-30 kg. Einingsprisen for restavfall er 2,70 kr/kg og for trevirke kr 2,00 kr/kg. Det å levere 30 kg restavfall vil ut frå dette koste 81 kr, noko som inneber at det faktisk vert billegare å levere etter minstesats. Dette er ikkje i samsvar med intensjonen for denne betalingskategorien.

For å oppnå intensjonen med minstesatsen vert det foreslått å endre mengdeintervallet for minsteprisen til 0-20 kg for resten av 2023. Innretninga for betalingssystemet vert å kome attende til i fastsettinga av prisane for 2024.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar

Vedlegg:

- Sak 45-22 Betalingssatsar ved levering til miljøstasjonane 2023